

MØTEPROTOKOLL

Representantskapet for Sotra og Øygarden brannvesen IKS

Møtestad: Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten
Dato: 30.1.2017
Tidspunkt: 09:00 - 10:30

Følgjande medlem møtte	Funksjon	Representerer
Børge Haugetun	Leiar	Øygarden kommune
Marianne Sandahl Bjørøy	Nestleiar	Fjell kommune
Lars Olav Hjartøy	Medlem	Fjell kommune
Kari- Anne Landro	Medlem	Sund kommune
Nils Kåre Skoge	Medlem	Sund kommune

Fråfall

Atle Dåvøy meldte fråfall. Varamedlem Ingrid Marie Toft møtte for Atle Dåvøy.


Andre som møtte

Per Heiberg- Andersen	Prosjektleiinga	KPMG
Björg Rabbe Sandven	Prosjektleiinga	KPMG
Martin Olav Vik	Stadfortredar for Per Rune Eikeseth, styreleiar Sotra og Øygarden brannvesen IKS	


Leiar



Medlem



Medlem



Kopi:

postmottak@oygarden.kommune.no

postmottak@fjell.kommune.no

postmottak@sund.kommune.no

Sak nr.	Innhald	Merknad
1/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste	
2/2017	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	
3/2017	Handsaming av eigarstrategi for SØB IKS	Vedlagt
4/2017	Handsaming av sak om beredskapssamarbeid	
5/2017	Handsaming av prosjektmandat for samanslåing av brannvesen	
6/2017	Orienteringssaker	
7/2017	Møteplan	
	Eventuelt	

Sak 1/2017 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan endringar.

Sak 2/2017 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

Vedtak:

Møteprotokoll vart godkjent utan endringar. Til å skrive under protokollen valde representantskapet Marianne Sandahl Bjørøy og Kari- Anne Landro, i tillegg til leiar av representantskapet.

Sak 3/2017 Handsaming av eigarstrategi for SØB IKS

Handsaming i møtet:

KPMG orienterte om kva forslag til endringar som var lagt inn i eigarskapstrategien i etterkant av styremøte 19.1.2017.

Representantskapet drøfta eigarskapstrategien i møtet.

Når det gjeld kapittel 8, punkt 29 i eigarskapstrategien gjorde ordførar i Fjell kommune representantskapet merksam på at det i Fjell kommune sitt etiske reglement går fram at når ordføraren vert valt inn i styre i kraft av si stilling skal han/ho ikkje ta i mot godtgjersle for dette.

Vedtak:

Representantskapet godkjenner utkast til eigarstrategi med fylgjande endringar:

I kapittel 3, punkt 8, Regionalt samarbeid, endrar ein teksten til:

Dette kapitlet vert utarbeid når sak om deltaking i Vest brann- og redningsregion har vert handsama i kommunestyra i eigarkommunane.

KPMG utarbeidar eit likelydane framlegg til politisk sak, som saman med framlegget til eigarskapsstrategi, vert sendt rådmennene i eigarkommunane med ordførarar og styreleiar på kopi.

Sak 4/2017 Handsaming av sak om beredskapssamarbeid

Handsaming i møtet:

KPMG orienterte om forslaget om ei mellombels løysing for samarbeid om beredskap mellom Øygarden kommune og SØB.

Vedtak:

Representantskapet stiller seg positiv til at SØB og Øygarden kommune saman finn ei mellombels løysing for samarbeid om beredskap.

Sak 5/2017 Handsaming av prosjektmandat for samanslåing av brannvesen

Vedtak:

Representantskapet godkjende prosjektmandatet slik det ligg føre utan endringar.

Sak 6/2017 Orienteringssaker

Handsaming i møtet:

Sotra Brannvern IKS og Øygarden kommunale brannvesen har valt styrerepresentant og observatør til styret, slik:

- Styremedlem – Jørgen Kausland (Sotra Brannvern IKS)
- Observatør – Eirik Monssen (Øygarden Brannvesen)
- 1. vara – Petter Rørvik (Sotra Brannvern IKS)
- 2. vara – Jarl Hestad (Øygarden Brannvesen)

Styret i Sotra og Øygarden brannvesen IKS har hatt sitt første møte 19.1.2016.

Vedtak:

Representantskapet tek informasjonen til orientering.

Sak 7/2017 Møteplan

Vedtak:

Neste møte i representantskapet vil bli halde 29. mai 2017. Kl. 09.

Møte vert halde på Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten.

Eventuelt

Olav Martin Vik orienterte representantskapet om at han har starta ein prosess mot kommunestyret i Øygarden kommune om moglegheit for å omdisponere midlar i budsjettet for implementering